



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Universitetsmuseet i
Bergen

Jobbnorge-ID: 48214
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Stipendiat i systematisk zoologi ved Bergen Museum, Dei naturhistoriske samlingane (08/6078) / PhD position in systematic zoology

Universitetet i Bergen er eit byuniversitet der sentrale delar av campus ligg i Bergen sentrum. Vi har ca 15 500 studentar og omlag 3500 tilsette. UiB er kjend for forskning på høgt europeisk nivå og har med anna fire senter for framifrå forskning (SFF). Vi har ein sterk internasjonal profil som medfører tett samarbeid med universitet over heile verda.

Ved Dei Naturhistoriske Samlingane (DNS) er det ledig ei stilling som stipendiat (universitetsstipendiat) i systematisk zoologi. Stipendiaten skal ha arbeidsplass ved DNS med nær tilknytning til dei vitenskaplege samlingane og arbeide med systematikk på artsnivå eller høgere taxa.

Søkjarar må ha ein master-/cand.scient.-grad eller tilsvarende utdanning i systematisk zoologi. Graden må vera oppnådd innan søknadsfristen.

Stipendiaten skal inngå i eit godkjend opplegg for ein PhD-grad ved Institutt for biologi innanfor ei tidsramme på 3 år. Søkjarar må difor fylle krava for opptak til PhD-studiet ved Universitetet i Bergen. Søknad om opptak til PhD-studiet, inkl. plan for gjennomføring av forskarutdanninga og prosjektbeskriving, vil verte utarbeidd i samråd med rettleiar/faggruppe. Endeleg plan skal vere avtalefesta og godkjent av fakultetet innan 3 månader etter tiltreding. Hovudrettleiar skal vere ved Dei naturhistoriske samlingane.

Samla stipendiatperiode er på 4 år. Av denne perioden er 25% pliktarbeidstid (museumsrelatert og/eller undervising) ved Dei naturhistoriske samlingane. Det vert gjort frådrag i tilsetjingsperioden for eventuell tidlegare rekrutteringsperiode.

Arbeidsspråket er til vanleg norsk.

Løn etter lønsssteg 43 (kode 1017/LR20.1) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønsssteg 43/47).

Ei stillingsomtale kan ein finna nedanfor utlysingsteksten, eller få ved å venda deg til Bergen Museum, tlf. 55 58 93 60, e-post: POST@bm.uib.no. Nærare opplysningar kan ein og få ved å venda seg til førsteamanuensis Ingvar Byrkjedal, tlf. 55 58 2905, e-post: ingvar.byrkjedal@zmb.uib.no.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar "meroffentlighet" ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

For å søkja på denne stillinga, send skriftleg søknad innehaldande:

ei kort utgreiing om forskningsinteresser og motivasjon for å søkje stillinga Curriculum Vitae inkludert ei liste over faglege publikasjonar og presentasjonar namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar kopiar av vitnemål, karakterutskriftar og relevante sertifikat kopiar av masteroppgåve og andre vitenskaplege publikasjonar (om relevante)

Søknaden skal leverast i triplikat (alt i 3 eksemplar, sortert i 3 like bunkar) og sendast som ordinær post til Universitetet i Bergen, Bergen Museum Administrasjonen, Postboks 7800, 5020 Bergen, Noreg.

I tillegg skal søknad og CV innehaldande relevant utdanning og praksis registrerast elektronisk via link på denne sida «Søk denne stilling».

Søknadsfrist: 15. juni 2008

Søknaden skal merkast: 08/6078

STILLINGSOMTALE STIPENDIAT I SYSTEMATISK ZOOLOGI

Bergen Museum har ansvaret for museumsverksemda ved Universitetet i Bergen. Vi driv innsamling, dokumentasjon, forskning, vern og formidling innanfor våre museale fagfelt. Som statleg eigd universitetsmuseum har vi omfattande vitenskaplege samlingar, og museet er eit

regionalt kompetanse- og formidlingssentrum. Vi har medarbeidarar i to samlingsavdelingar, Dei kulturhistoriske samlingane (antropologi, arkeologi og kunst- og kulturhistorie) og Dei naturhistoriske samlingane (botanikk, geologi og zoologi), samt ein felles stab under direktøren for museet.

Dei naturhistoriske samlingane (DNS) har brei aktivitet i ulike delar av dei botaniske, geologiske og zoologiske fagfelt. Eininga har 54 tilsette, derav 7 fast vitenskapleg tilsette i zoologi. Kjernen i den biologiske forskinga ved DNS er systematikk og paleobiologi. DNS har omfattande samarbeid med fleire institutt, spesielt Institutt for biologi, og gjev undervisning i taksonomi, fylogeni, paleobiologi og evolusjon for studentane der. DNS har to forskingsgrupper: "Biosystematikk" og "Fortidens landskap og miljø", og forskarane ved DNS er i hovudsak fordelte mellom desse to gruppene.

Det biosystematiske forskingsmiljøet i zoologi ved DNS er knytt opp mot entomologi, marine evertebratar og fisk. Det entomologiske miljøet har markert seg internasjonalt gjennom åra som særskildt produktivt med omsyn til systematiske og taksonomiske studiar. Ulike inventeringar utanlands, mellom anna i Afrika, Sør-Amerika og Austen, har ført til beskrivingar av snart 500 nye artar. Gjennom dei seinare tiåra har det vore særskildt fokus på taksonomi til akvatiske insekt. For tida arbeider ein dessutan med systematikk, fylogeni og evolusjon av visse grupper biller, krepsdyr, blautdyr og marine fisk. Forskarar ved DNS har tilgang til DNA-laboratorium og nyttar i stor grad molekylære metodar i sitt systematiske arbeid.

I tillegg til forskning er det arbeidet med vitenskaplege samlingar som særpregar oppgåvene til DNS. Dei zoologiske samlingane inneheld eit stort typemateriale og har tradisjonar tilbake til 1850-talet. Materiale frå ulike feltprosjekt og miljøundersøkingar gjennom dei seinaste tiåra utgjer likevel det meste av samlingane. Framveksten av molekylærsystematikk og taksonomi har dessutan skapt nye krav til ivaretaking av beleggsmateriale. Samlingane har ein høg aktivitet med gjesteforskarar og utlån og anna kommunikasjon med vitenskaplege institusjonar verda rundt. Dei som arbeider med marine dyr har for tida særleg tett samarbeid med forskargruppa for Marin Biodiversitet ved Institutt for Biologi. Dei er òg aktive deltakarar i det såkalla Mar-Eco prosjektet (<http://www.mar-eco.no/>).

Den som melder seg som søkjar til stipendiatstillinga må ha ein master-/cand.scient.-grad eller tilsvarende utdanning med gode evalueringar i emne innan biosystematikk og taksonomi. Det vil telje positivt om søkjaren kan vise til særleg interesse for biosystematiske studiar ved eigne publikasjonar. Søknaden skal innehalda forslag til eit doktorgradsprosjekt som inneber systematiske studier (på artsnivå eller høgare taxa) av marine evertebratar, insekt eller marine fisk. Søkjarar må derfor ta kontakt med moglege rettleiarar på førehand. Ei vurdering av søkjaren sitt potensiale for å fullføre eit doktorgradsstudium vil i stor grad vere grunna på resultat og effektivitet i og etter tidlegare utdanning, samt evne til å teoretisere.

Stipendiaten skal arbeide inntil 25 % av arbeidstida med pliktarbeid etter avtale med styrar og rettleiar. Arbeidet vil i hovudsak medføre kuratering av utvalte delar av dei naturhistoriske samlingane i samsvar med stipendiatens taksonomiske kompetanse, samt tilrettelegging av samlingsrelevante databasar, og i mindre grad assisterande undervisning innan biosystematiske emne.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: